

Handlingsplan for eit godt barnehagemiljø

STAD KOMMUNE



Einingsleiarane i barnehagane i Stad kommune

Forord

«Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag»

Kommuneplanen sin samfunnsdel, samfunnsmålet.

1. januar 2021 fekk vi nytt kapittel i barnehagelova: Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø. Med bakgrunn i dette laga vi *Handlingsplan for eit godt barnehagemiljø i Stad kommune*, slik at vi sikrar at alle tilsette i barnehagane våre arbeider kontinuerleg for å fremje helse, trivsel, leik og læring hjå barnehagebarna våre.

Vi vil at alle barna skal glede seg til å komme i barnehagen, og at kjenneteiknet på barnehagane i Stad er at det er ein trygg og god stad å vere. Både tilsette, barn og føresette skal samarbeide om å skape eit godt psykososialt barnehagemiljø, som legg til rette for at alle barna får utvikle sin sosiale kompetanse. Barnehagane har nulltoleranse når det gjeld krenkelsar som til dømes utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Denne planen skal vere ein reiskap tilsette i Stad kommune kan bruke, og ei forplikting i høve kontinuerleg arbeid slik at vi kan nå samfunnsmålet vårt. For Stad kommune er det viktig å:

«Arbeide for ein lukkeleg barndom, og sikre at alle barn i Stad får ein trygg og tilpassa oppvekst i eit inkluderande fellesskap, med eit mangfaldig barnehage-, skule og fritidstilbod, der dei kan få nytta og utvikla evnene sine og bli sjølvstendige menneske med god psykisk og fysisk helse.»

Dette gjeld ikkje berre for tilsette, men også for heimane til barna. Dårleg psykososialt barnehagemiljø angår alle. Det kan ikkje løysast av det einskilde barnet eller den einskilde familien - det må løysast i fellesskap. Planen skal gjerast kjent i heile barnehagemiljøet, slik at alle får ei trygg forventning om at barnehagen tek førebygging av mobbing på alvor. Alle som jobbar i barnehagane våre kjenner til kva den vaksne skal gjere dersom han eller ho får mistanke om at eit barn vert mobba eller ikkje har det bra. Handlingsplanen viser barnehagane sine tiltak for å førebygge, avdekke og løyse utfordringar knytt til det psykososiale miljøet i barnehagekvardagen.

Evvy Henriette Hagen, Heidi Marie Løvold, Helena Gangeskar Fure,
Linda Balsnes, Tove Hanebrekke Starheimsvik, Øyvind Dypveit.
-einingsleiarar ved barnehagane i Stad kommune -

Harald Sivertsen
-kommunalsjef oppvekst og opplæring-

Innhold

1.	FORANKRING I LOVVERKET - BARNEHAGELOVA	3
	§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)	3
	§ 43. Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn	3
2.	FØREBYGGING AV MOBBING	4
2.1	Definisjon av mobbing	4
2.2	Barn sin trivsel – voksne sitt ansvar	4
2.3	Relasjon tilsette – barn	4
2.4	Barnehagemiljø	4
2.5	Plan for førebyggjande og trivselsfremjande aktivitetar	5
2.6	Samarbeid med føresette	5
3.	KARTLEGGING AV BARNEHAGEMILJØET	6
3.1	Samtaler og observasjon.....	6
3.2	Kommunikasjon pedagog - barn - føresette	6
3.3	Observasjon	6
	Barnehageloven § 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid	6
4.	AKTIVITETSPLIKT	7
4.1	Barnehagen sine prosedyrar når saker er meldt eller avdekket	7
4.2	Samarbeid med andre instansar	7
4.3	Arbeid i etterkant.....	7
4.4	Arbeid i etterkant – organisasjonsarbeid.....	8
5.	KONTINUITET – DET SYSTEMATISKE ARBEIDET	8
5.1	Faste tiltak i årshjulet.....	9
5.2	Informasjon om handlingsplanen	9
5.3	Årleg gjennomgang og revisjon av handlingsplanen	9
5.4	Dokumentasjon.....	9

1. FORANKRING I LOVERKET - BARNEHAGELOVA

Handlingsplanen er laga med utgangspunkt i barnehagelova kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_8#KAPITTEL_8

§ 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.

§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.

Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.

Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering.

Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå

- a) hvilke problemer tiltakene skal løse
- b) hvilke tiltak barnehagen har planlagt
- c) når tiltakene skal gjennomføres
- d) hvem som skal gjennomføre tiltakene
- e) når tiltakene skal evalueres

§ 43. Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styreren skal melde fra til barnehageeieren.

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at styreren i barnehagen krenker et barn med for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende melde fra til barnehageeieren direkte.

Undersøkelser og tiltak etter § 42 tredje og fjerde ledd skal iverksettes straks.

2. FØREBYGGING AV MOBING

Mål: Alle barn skal oppleve at barnehagemiljøet er trygt og godt.

2.1 Definisjon av mobbing

Mobbing er gjentekne negative handlingar over tid, utført av ein eller fleire personar, mot ein som ikkje kan forsvare seg i den aktuelle situasjonen.

Det er ein føresetnad at det er eit ujamnt styrkeforhold mellom offer og plagar.

Hendingar som rammar eit barn ein enkelt gong kan imidlertid også ha karakter av mobbing. (Definisjonen byggjer på Olweus & Roland, 1983; Strohmeier & Noam (2012) si definering av omgrepet.)

Presisering: Det gjeld krenkande ord eller handlingar som vert utført fysisk, psykisk, verbalt eller digitalt.

2.2 Barn sin trivsel – vaksne sitt ansvar

Rammeplan for barnehagen <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/> seier at personalet skal sjå til at alle barn opplever tryggleik, tilhøyrslø og trivsel i barnehagen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein barndom prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt.

Barnehagen skal sikre barna eit trygt miljø og skåne dei for fysisk eller psykisk skade. Dei tilsette skal ivareta barna, skape eit inkluderende miljø og arbeide for at dagens barnehagebarn ikkje opplever å bli krenka eller kjem til å krenke andre i morgon. Barnehagen skal fremje positive handlingar og arbeide for at negative samhandlingsmønstre ikkje utviklar eller festar seg. For å oppnå dette må dei vaksne vere der barna er. Vi må sjå og høyre kva som skjer. Vi må hjelpe barna der dei treng hjelp, vere aktive og vise omsorg. Dei vaksne må engasjere seg i barna og bry seg.

Gjennom haldningsskapande arbeid og konkret handling i samarbeid med heimane skal personalet i barnehagen skape eit trygt, inkluderende og stimulerende barnehagemiljø som førebyggjer krenkingar og mobbing.

2.3 Relasjon tilsette – barn

Tilsette i barnehagen er ein tydeleg vaksen som barnet kan ha tillit til:

- Tilsett er ansvarleg for samhandling med barnet
- Tilsett lyttar til barna og viser dei respekt
- Barnesamtalen er verktøy for relasjonsbygging
- Samtalar med barna der fysisk, psykisk og digital mobbing er tema
- Tilsette samhandlar, sirkulerer og observerer barnemiljøet

2.4 Barnehagemiljø


Tilsette er tydelege leiarar, slik at barna opplever det trygt å vere i barnehagen sin:

- Trygge barna med gode rutinar for tilvenning og bli-kjent-aktivitetar
- Reglar for korleis vi samhandlar/ forventningar
- Gjennomføre positive trivselstiltak
- Tilsett er positiv rollemodell
- Tilsett har fokus på å fremje positiv åtferd
- Fokus på nettvett

Tiltak barnehagen set i verk for å medverke til gode relasjonar mellom tilsette og barna:

- Legge til rette for trivselsfremjande aktivitetar
- Legge dei fysiske tilhøva til rette for eit godt leike- og læringsmiljø
- Systematisk arbeid med det psykososiale miljøet
- Kontinuerleg arbeid med å auke kompetansen i personalet i høve tolking av det sosiale samspelet
- Barnehagane har verktøy for å trene sosial kompetanse, byggje gode gruppemiljø og som hjelper til i det haldningsskapande arbeidet
- Rutinar som sikrar at dei tilsette kjenner til aktivitetsplikta og kva dette inneber. Dette gjeld alle som jobbar ved barnehagen - også vikarar

Aktivitetsplikta vert utløyst dersom tilsette får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.



2.5 Plan for førebyggjande og trivselsfremjande aktivitetar

Barnehagen har fokus på førebyggjande og trivselsfremjande aktivitetar - sjå eiga oversikt frå kvar barnehage.

2.6 Samarbeid med føresette

Barnehagen skal ha eit oppe og aktivt samarbeid med føresette:

- Meldingar i Vigilo
- Tek gjensidig kontakt ved behov
- Foreldremøte - Sjumilssteget
- Foreldresamtalar, minimum ein i halvåret
- Eit aktivt foreldreråd og samarbeidsutval

3. KARTLEGGING AV BARNEHAGEMILJØET

“Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.”

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64/KAPITTEL_8#KAPITTEL_8

3.1 Samtaler og observasjon

- Foreldresamtaler
- Barnesamtaler
- I dialog med foreldre
- Observasjon i barnegruppene
 - Kartlegging av det sosiale samspelet, t.d. ved hjelp av nettverkskart
 - Loggar
 - Observasjonsskjema frå BTI

3.2 Kommunikasjon pedagog - barn - føresette

- Barnehagemiljø og trivsel som tema i samtalar mellom barn, føresette og pedagog
- Barnehagemiljø og trivsel som tema i barnesamtalar mellom barn og pedagog
- Barnehagemiljø og trivsel som tema på foreldremøte
- Leggje vekt på kor viktig det er å seie ifrå til ein vaksen når noko ikkje er bra
- Ta opp tilskodarrolla: Passive barn som forsterkar mobbesituasjonen ved å vite om at noko uønskt skjer

3.3 Observasjon

Tilsette samhandlar, sirkulerer og observerer i barnegruppene:

- Barn som går mykje for seg sjølv
- Samspelet mellom barn
- Språkbruk
- Kroppsspråk

Dersom ein er uroa for om eit barn har det trygt og godt, går ein i gang med observasjon på nivå 0 - 1 i BTI-modellen. [Rettleiar – Stad – BTI](#)

Barnehageloven § 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Barnehagen skal ikke godta krenkelsar som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelsar.

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.

4. AKTIVITETSPLIKT

Aktivitetsplikta vert utløyst når eit barn/ føresett seier i frå eller ein tilsett får mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø

4.1 Barnehagen sine prosedyrar når saker er meldt eller avdekkja

<https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64/§42>

1. Styrar har det overordna ansvaret og skal vere orientert om alle barn som opplever krenking, eller at barnehagemiljøet ikkje er trygt og godt.
2. Styrar delegerer undersøkingsplikt til pedagogisk leiar slik at:
 - Tilsett som har mistanke om eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø skal rapportere til pedagogisk leiar og varsle styrar.
 - Pedagogisk leiar samtalar med barnet/ barna og undersøkjer saka. Styrar kan bistå i undersøkingsfasen.
 - Styrar vert informert om utfall av undersøkinga.
 - Pedagogisk leiar informerer føresette om hendinga.
 - Styrar informerer føresette ved særskilte alvorlege hendingar.
 - Styrar og pedagogisk leiar samarbeider om utarbeiding av tiltak.
 - Pedagogisk leiar har ansvar for å sjå til at tiltak vert gjennomført.
3. Dersom ein tilsett i barnehagen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider i barnehagen utset eit barn for krenking, vald, diskriminering og trakassering, skal vedkomande straks varsle styrar. Styrar varslar kommunalsjef for oppvekst og opplæring.
4. Dersom styrar ikkje er tilgjengeleg, delegerer styrar informasjonsplikt og ev plikt til å setje i verk tiltak til stadfortredar.

Saka må følgjast til ho er løyst. Styrar eller pedagogisk leiar dokumenterer i skjemaet «Trygt og godt barnehagemiljø – tiltaksplan» i Vigilo.

4.2 Samarbeid med andre instansar

Aktuelle samarbeidsinstansar:

- Helsesjukepleiar
- PPT
- BUP
- Barnevern

4.3 Arbeid i etterkant

Etter at saka er løyst og tiltaka har fungert, vil det vere naudsynt å arbeide strategisk i forhold til dei ulike partane: mobbeoffer, mobbarar og tilskodarar. Pedagogisk leiar og styrar diskuterer eventuelle tiltak i etterkant.

Tiltak:

- Samtalar i barnegrupper der det har vore utrygt
- Følgje opp det barnet som vert mobba
- Følgje opp den som kan stenge ute, mobbe, diskriminere, trakassere, yte vald
- Halde fram med å kommunisere med føresette

Dersom tiltaka ikkje har fungert og mobbinga held fram, er det naudsynt med ytterlegare tiltak.

4.4 Arbeid i etterkant – organisasjonsarbeid

Problemløysing på individnivå og etterarbeid etter ei sak knytt til det psykososiale miljøet kan avdekkje svake punkt i systemet. Det må ein eventuelt ta opp for å gjere barnehagen sitt arbeid betre. Det er difor viktig at kvar sak vert avslutta med ei evaluering. Leiinga saman med aktuelle partar drøftar kva ein kan lære i organisasjonen av denne saka med tanke på å førebyggje og løyse mobbesaker.

- Gjennomgang av saka
- Informasjon til andre tilsette og drøfting av det ein kjem fram til i første kulepunkt
- Eventuelle endringar av prosedyrar

5. KONTINUITET – DET SYSTEMATISKE ARBEIDET

Mål: Barnehagen sitt arbeid med å førebyggje, avdekkje og stoppe krenkande opplevingar går føre seg kontinuerleg.

Kvar barnehage har årshjul/ kalender med trivselsaktivitetar og tema knytt til sosial kompetanse og barnehagemiljøet.

5.1 Faste tiltak i årshjulet

Aktivitet	Ansvarleg
Gruppesamansetning	Styrrar/pedagogisk leiar
Foreldremøte	Styrrar/pedagogisk leiar
Foreldresamtaler	Styrrar/pedagogisk leiar
Barnesamtaler	Styrrar/pedagogisk leiar
Informasjon til barn og foreldre om rettar knytt til psykososialt barnehagemiljø	Styrrar
Sjumilssteget	Styrrar
Faste møter med Foreldreråd og Samarbeidsutval	Styrrar
Gode rutinar for tilvenning	Styrrar/pedagogisk leiar
Kompetansepakkane til Udir for alle tilsette	Styrrar
Observasjonar/sosiogram	Styrrar/pedagogisk leiar

5.2 Informasjon om handlingsplanen

Tilsette, barn og føresette må bli gjort kjende med planen slik at dei kan ta del i barnehagen sitt arbeid for å skape eit trygt og godt barnehagemiljø.

Ansvarlege: Styrrar informerer tilsette. Pedagogisk leiar informerer barn og føresette.

5.3 Årleg gjennomgang og revisjon av handlingsplanen

For å gjere planen til eit aktivt verktøy i barnehagen, vil det vere naudsynt med ein årleg gjennomgang for å vurdere om planen fungerer tilfredsstillande eller om det er naudsynt med revisjon.

5.4 Dokumentasjon

Dokument knytt til sikring av at lov, forskrift og kommunal handlingsplan vert etterlevd ligg i WebSak+: «Systematikk i barnehagemiljøarbeidet, XX barnehage». Her legg styrrar ved kvar barnehage inn innan 15.oktober:

- Signeringsliste frå gjennomgang av handlingsplanen i personalet.
- Årshjul/ kalender med trivselsaktivitetar og tema knytt til sosial kompetanse og positivt barnehagemiljø.
- Årshjul/ kalender med tema på personalmøte, der bruk av udir sine nettressursar knytt til godt barnehagemiljø kjem fram.

Dokumentasjon i enkelsaker vert gjort i skjemaet «Trygt og godt barnehagemiljø – tiltaksplan» i Vigilo.